

## **Europaparlamentet: Saksordførar tilrår samtykke til ny artikkel 19-avtale om handel med landbruksvarer med Noreg**

20. februar 2018

- *Utkast til innstilling går inn for at Europaparlamentet gjev samtykke til ny artikkel 19-avtale om handel med landbruksvarer*
- *Kritikk mot Noreg knytt til tollauken for visse landbruksprodukt i 2012 og som følgje av nyleg reklassifisering av planten kalanchoe. Også kritikk av norsk forvaltningspolitikk i Svalbardsonen*
- *EU ynskjer å ta opp av forhandlingane med EU om merking av regionale og tradisjonelle produkt (geografiske indikatorar)*

Utanrikshandelskomiteen (INTA) i Europaparlamentet drøfta i dag [utkastet til innstilling for samtykke](#) til artikkel 19-avtalen mellom EU og Noreg for handel med basis landbruksprodukt. Europaparlamentet må gje samtykke til avtalen før den trår i kraft, men kan ikkje endre den.

Saksordførar David Borelli (femsterjernersrørla, tidlegare knytt til ytre høgre gruppa EFDD, nå uavhengig) deltok ikkje i møtet i dag. I utkastet til innstilling tilrår han samtykke og viser mellom anna til at avtalen vil takle det han omtalar som «irritatorarar» i handelen med Noreg. Dette refererer seg til omlegginga i toll frå kronesatse til prosentsats for visse typar ost og kjøtt som regjeringa Stoltenberg gjennomførte i 2012. Det referer også til reklassifiseringa av tollen for hagehortensia som vart gjort.

Komitéléiar, Bernd Lange (den sosialdemokratiske gruppe (S&D), Tyskland) sa på vegne av Borelli at avtalen er eit steg i riktig retning, sjølv om den ikkje går så langt som parlamentet ynskjer. Det er likevel positivt at den direkte og indirekte kompenserer for tollauken i 2012.

Knut Hermansen, ministerråd ved den norske EU-delegasjonen, var invitert til debatten. Han viste til ordlyden i artikkel 19 og til den auken som hadde vore i eksporten av landbruksprodukt frå EU til Noreg dei seinare åra. Han sa norsk landbruk har klimatiske ulemper og er viktig for busetting og sysselsetting i distrikta. Dette er reflektert i norsk landbrukspolitikk. Den nye avtalen vil gje rom for auka eksport både frå EU til Noreg og frå Noreg til EU. Avtalen vil samla sett vil bidra til å styrke tilhøvet mellom dei to partane.

Kommisjonen takka Noreg for konstruktiv tilnærming i forhandlingane trass det som vart omtalt som ein «vanskeleg politisk situasjon.» Noreg er den 8. største eksportmarknaden for landbruksprodukt frå EU. Den nye avtalen vil stryke tilhøvet til Noreg og samstundes rydde opp i visse handelsproblem. Kommisjonen ser fram til nye forhandlingar om to år og ynskjer også å starte opp igjen forhandlingar om geografiske indikatorar (ei merkeordning for regionale eller tradisjonelle produkt). Det vart mellom anna vist til at EU og Island har inngått ein avtale om geografiske indikatorar.

Bendt Bendtsen (sentrum-høgre gruppa (EPP), Danmark) snakka på vegne av skuggeordførar Artis Pabriks (Latvia). Han understreka ordlyden i artikkel 19 om at partane skal arbeide for progressiv liberalisering i handelen med landbruksvarer. Det burde medført at omlegginga i tollsatsane i 2012 burde vore reversert. Avtalen er likevel eit skritt i rett retning. Pabriks er likevel lei for at det stadig er uteståande tilhøve knytt til fisk. Bendtsen spesifiserte ikkje kva dette gjaldt, men det refererte truleg regulering av fangst av snøkrabbe i Svalbardsonen. For eigen del la Bendtsen til at han også meinte tollauken i 2012 burde vore reversert. Han viste til at den nye avtalen medfører kvoter for blomar til ein verdi på 15 millionar euro. Dette er lite sett i høve til at eksporten av hortensia berre frå Danmark utgjorde 20 millionar euro før reklassifiseringen i 2012. Han viste samtidig til at norske

tollmyndigheter nylig har endra klassifiseringa av planten kalanchoe. Dette har ført til at import frå Danmark for visse typar av denne planten har auka frå 0 til 72 prosent og gjev eit dårleg signal. Han oppmoda sterkt den norske regjeringa om å reversere dette. Det blir kanskje oppfatta som ei teknisk endring i Noreg, men eg oppfattar det som proteksjonisme sa han. Det er opp til norske styresmakter å bestemme korleis ein vil støtte norsk landbruk, men det bør ikkje skje på ein måte som hindrar handelen.

Goffredo Maria Bettini (S&D, Italia) som snakka på vegne av skuggeordførar Nicola Danti (Italia), sa kort at det er positivt at eksporten av landbruksprodukt til Noreg har auka. Gruppa støttar avtalen, men vonar Noreg vil vere villige til å ta opp igjen forhandlingane om geografiske indikatorar.

Jaroslaw Walesa (EPP, Polen) er medlem av fiskerikomiteen i Europaparlamentet. Han sa i debatten i dag det er eit problem at Noreg ikkje respekterer internasjonale avtaler, nemleg Paris-avtalen knytt til Svalbard og bryt prinsippet om likebehandling i Svalbard-sonen. Dette er uakseptabelt.

Ministerråd Hermansen fekk ordet til slutt i debatten. Han sa Noreg respekter artikkel 19, men framheva at liberaliseringa må vere balansert og respektere landbrukspolitikken hos både partar. Samstundes har den nåverande regjeringa vore villige til å reverserte tollendringane frå 2012, men det er ikkje eit fleirtall for dette i Stortinget. Den nye avtalen sikrar uansett betre marknadstilgang. EU og Noreg starta forhandlingar om geografiske indikatorar i 2013, men at forhandlingane vart suspendert på grunn av lite framgang. Noreg er villig til å sjå på spørsmålet om å ta opp at desse forhandlingane. Han viste til at landbrukskommissær Hogan har sendt eit brev i fjar til norske styresmakter om klassifiseringa av kalanchoe. Hermansen sa seg lei for at det har teke så lang tid å svare på brevet, men at det er eit komplisert, teknisk spørsmål. Han vona eit svarbrev ville bli sendt snart. Til spørsmålet om fangst i Svalbardsonen sa han at Noreg respekterer UNCLO som gjev eksklusiv rett til Noreg til å regulere fangsten. Dette er eit viktig prinsipp for Noreg.

Komitéléiar Langen viste avslutningsvis til at frist for endringsframlegg er 28. februar og at komiteen vil vedta si innstilling i mars.

#### Kommentar

Det var ein kort debatt i komiteen i dag og det er ikkje grunn til å tru at Europaparlamentet vil seie nei til avtalen. Bendtsen og Walesa har både også tidlegare kritisert Noreg med respektivt fokus på hortensia og snøkrabbe. Samla synes komiteen å vere nøgd med avtalen som er inngått med Noreg. Det er samstundes ei forventning om nye forhandlingar om vidare liberalisering i handelen framover. EU legg stor vekt på geografiske indikatorar, men systemet har skapt utfordringar i samband med forhandlingar om frihandelsavtaler med fleire tredjeland. EU ynskjer ein avtale om dette med Noreg. Her skal den største utfordringa for Noreg vere at det norske merkesystemet er svært ulikt EUs system og at det derfor er vanskeleg å finne ein avtale som kombinerer dei to ordningane.

#### Med helsing

Per S. Nestande  
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor  
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11, Mobil: +47 917 68 598

E-post: [psn@stortinget.no](mailto:psn@stortinget.no)